

Uttale frå Vinje Mållag om innstillinga til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet.

Det er eit svært stort dokument på over 200 sider. Med den alt for stutte høyringsfristen er det uråd å gjeva eit grundig høyrings svar. Me tek difor utgangspunkt i Samandraget s. 7-19 og fylgjer det punkt for punkt.

Me vil for det fyrste seia at det ser ut til å vera eit grundig grundig arbeid, og der er svært mykje positivt å seia om innstillinga.

Det er difor ikkje so mange merknader me hev, men me seier noko om det me trur er viktig for nynorskbrukarane over store delar av landet.

Dei ymse punkt i samandraget:

2.1.1 Det blir nok eit sagn å ikkje kunne skrive so vanlege ord som *horv* og *moske*.

3.1.7 Her tykkjer me nok nemnda går inn for ei meingslaus bøyning av nokre enkeltord.

Det undrar oss mykje at t.d. *lus* skal bøyast: *lus – lusa – lus – lusene*
mus – musa – mus – musene.

Her får ein då eit samanfall med bokmål som skulle vera heilt unødvendig. Nemnda seier vel ein stad at ein prøvar å få minst mogleg slikt samanfall.

Det blir sagt at *myser* og *mysene* blir lite bruka, men skal det bety at nynorskbrukarar nyttar formene *mus – musene*?

Me har vel ikkje lese allverden, men me har tilgode å sjå desse formene i nynorsk skriftmål (sjølv om det er lov).

3.4.1 Kløyvd infinitiv.

Det er eit sopass mykje bruka målmerke at me tykkjer det skal vera lov å bruke det.

Det blir sagt i innstillinga at det er vanskeleg for skuleverk og andre rettleiarar å undervise i dette. Det er då naturleg at ein finn rettleiing i ordlista, slik nynorskordlista legg opp til i dag. Ein må vel rekne med at ordlista blir eit viktig hjelpemiddel, sjølv om ein får ei forenkling av normalen.

Er ein usikker, kan ein berre nytte –a eller –e endinga.

Me tykkjer ikkje argumentasjonen til nemnda er haldbar.

I vår bruk av kløyvd infinitiv har me sjølv sagt alltid nytta ordlista i tvilstilfelle.

Difor vil me so sterkt me kan beda nemnda endre innstillinga si her.

Det er bra at - a og - e – endingane er valfrie.

3.4.6. a og b

Me tykkjer det blir eit sagn dersom me ikkje kan nytte dei målførefarga orda i desse punkta, som td. : få - fær –fenge , ganga - gjeng – gjenge , standa - stend , slå – slær, slåst slæst.

Olav Nordstoga
leiar